

NORSK LOKALHISTORISK INSTITUTT

ÅRSMELDING 2012

SAMLA VURDERING 2012	s. 2
I. INNLEIING	s. 3
II. ÅRSREKNESKAP	s. 4
III. RESULTATRAPPORT	s. 5
Verksemdsmål 1: Ta i bruk sosiale og dynamiske media som verktøy for fagutvikling	s. 6
1.1. Lokalhistoriewiki.no	
1.2. Historieblogg.no	
1.3. Lokalhistorie.no	
Verksemdsmål 2: Publisere lokalhistorisk relevant kunnskap og dokumentere lokalhistorisk verksemd i dialog med brukarane	s. 8
2.1. Samarbeidsprosjekt	
2.2. Lokalhistorisk magasin	
2.3. Bibliografi og bibliotek	
2.4. Publikasjonar frå dei tilsette ved NLI	
2.5. Innlegg på konferansar etc	
2.6. Deltaking i konferansar, kurs og faglege utval	
Verksemdsmål 3: Utvikle og formidle fleirkulturell lokalhistorie	s. 12
3.1. Prosjektutvikling	
3.2. Formidlingsarbeid	
Verksemdsmål 4: Drive eiga forskning og stimulere til lokalhistorisk forskning	s. 13
4.1. Forskingsbasert prosjektarbeid	
4.2. NLI's mastergradsstipend	
Verksemdsmål 5: Gi råd og rettleiing til produsentar av litteratur med lokalhistorisk relevans.	s. 15
Verksemdsmål 6: Oppretthalde god administrasjon og styring av NLI	s. 16
6.1. Mangfald og inkludering	
6.2. Brukarundersøking	
6.3. IKT-arkitektur	

- 6.4. Grøn stat
- 6.5. Risiko- og vesentlegheitsvurdering
- 6.6. Dei etiske retningslinene for statstenesta
- 6.7. Arbeidet med varslingsrutinar
- 6.8. IA-avtale
- 6.9. Likestilling ved NLI

SAMLA VURDERING 2012

I 2012 har det vore viktig for NLI å føre vidare dei store endringsprosessane som har prega arbeidet til instituttet dei seinare åra. Endringane gjeld særleg to nye satsingsområder: Nettstaden *Lokalhistoriewiki* og *fleirkulturell lokalhistorie*, som instituttet har peikt ut som to særleg viktige strategiske utfordringar for norsk lokalhistorie i det 21. århundre. Begge utfordringane har gitt ny energi og nytt engasjement til instituttet sine medarbeidarar. Diverre har det likevel vore ei noko haltande takt i marsjen for kvart av desse områda. Gode resultat på første området har til ein viss grad ført med seg ei nedprioritering av det andre.

Lokalhistoriewiki har utvikla seg sterkt og konsolidert seg som den viktigaste nasjonale plattformen for skaping og formidling av lokalhistorisk kunnskap i virtuell form. I løpet av 2012 har wikien fått meir enn 350 nye brukarar, over 2400 nye artiklar og nesten 6600 nye bilete og andre mediefilar. Ein vesentleg del av arbeidstida til dei tilsette ved instituttet har gått med til å vidareutvikle Lokalhistoriewiki. Dei gode resultatane er ein direkte følge av ressursbruken. For å kunne stabilisere den positive situasjonen og vidareutvikle wikien som fagleg og sosial arena, er det naudsynt å halde ressursbruken på same nivå i fleire år framover.

Instituttet har medarbeidarar som med entusiasme har engasjert seg i fleirkulturell historie, som vi ønskjer å utvikle vitskapleg og gjere til eit godt og framtidsretta tilbod til alle som arbeider med å skrive lokalhistorie. Vi har erfart at det er eit stort udekket behov for rådgjeving av aktørar med fleirkulturell bakgrunn som ønskjer å skrive historie om innvandringa til og etableringa i norske lokalsamfunn. Samstundes ser vi at det er eit stort behov for rettleiing av by- og bygdebokforfattarar som er usikre på korleis dei skal gripe tak i den utfordringa migrasjon og globalisering representerer. Arbeidet står no ved eit vegskilje: Dersom vi ikkje får økte løyvingar frå og med budsjettåret 2014, vil vi ikkje kunne vidareutvikle dette arbeidet – til skade for så vel innvandrarbefolkninga som norsk lokalhistorie.

Innanfor begge desse nye hovudområda er det elles eit generelt trekk at stadig meir av arbeidet vert prosjektorientert, noko som inneber at ansvaret for gjennomføring av arbeidet vert lagt til ei større eller mindre arbeidsgruppe, som i samråd med direktøren og prosjektleiar set opp ei tidsplan for gjennomføringa. Denne arbeidsmåten er relativt ny for instituttet og vil krevje implementering av nye arbeidsverktøy og –rutinar.

Ved sidan av arbeidet knytt til dei store endringsprosessane har NLI oppretthalde verksemda på alle dei målområda instituttet tradisjonelt har engasjert seg innanfor. Vi har gjeve råd og

retteiing til forfattarar av by- og bygdebøker på omtrent same nivå som tidlegare. Som planlagt avslutta NLI i 2012 arbeidet med ei spørjeundersøking blant norske kommunar og fylkeskommunar om løyvingane til by-, bygde- og regionhistoriar. Etter ei førebels oppteljing av svara kan vi rekne med at løyvingane til lokalhistorisk forskning ligg kring 50 millionar kroner årleg, altså noko høgare enn sist vi gjennomførte ei slik undersøking.

Også i 2012 har NLI hatt eit godt samarbeid med NLB (Norsk lydskrift- og blindbibliotek). På to viktige administrative felt har vi hatt stor nytte av NLB sin kunnskap og kompetanse. Det eine gjeld vedlikehald og utvikling av vårt IT-anlegg og våre datamaskiner. Det andre dreier seg om instituttet si rekneskaps- og økonomiforvaltning. Vi ser klåre synergieffektar av samarbeidet på begge desse områda og vonar at vi kan utvikle det vidare i 2013.

I. INNLEIING

Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) er ein statsinstitusjon under Kulturdepartementet (KUD). Instituttet skal fremje lokal- og regionalhistorisk arbeid i Noreg og gi råd og retteiing til dei ulike aktørane. Det skal drive eiga forskning, men også stimulere til forskning og fungere som eit nasjonalt dokumentasjonssentrum for lokalhistorie. NLI har vore i drift med eigne kontor og eigen styrar/leiar sidan byrjinga av 1956.

NLIs noverande verksemd er heimla i følgjande grunnlagsdokument:

- *Vedtekter*, sist endra ved styrevedtak 7. februar 1995 og godkjende i brev frå Kulturdepartementet 8. juni 1998.
- *Arbeidsplan for Norsk lokalhistorisk institutt*, vedtatt av styret 7. februar 1995.
- *Instruks for leiaren ved Norsk lokalhistorisk institutt*, vedtatt av styret 7. februar 1995.
- *Økonomiinstruks*, revidert av styret 29. juni 2005.
- Kulturdepartementet sin instruks for NLI 22.12.2011.

NLIs styre er oppnemnt av Kulturdepartementet for perioden 1.1.2010 – 31.12.2013. Det har følgjande samansetjing:

Frå Noregs Museumsforbund: *Torveig Dahl*, Gudbrandsdalsmusea, leiar. Varamedlem: Pål Christensen, Museum Nord

Frå Den norske historiske forening: *Finn-Einar Eliassen*, Høgskolen i Vestfold, nestleiar. Varamedlem: Atle Døssland, Høgskulen i Volda.

Frå Arkivverket: *Eli Fure*, Riksarkivet. Varamedlem: *Cæcilie Stang*, Statsarkivet på Hamar.

Frå Landslaget for lokalhistorie: *Aud Mikkelsen Tretvik*, NTNU. Varamedlem: Guri Vallevik Håbjørg, pensjonist. Frå dei tilsette ved NLI: *Ola Alsvik*. Varamedlem: Hans P. Hosar.

Styret har hatt to møte i 2012: 14. februar og 22. oktober.

Fast tilsett personale: I alt: 4,8 årsverk

Knut Sprauten: direktør 01.01–31.12.

Ola Alsvik: forskar og nestleiar 01.01–31.12.

Hans P. Hosar: forskar 01.01.–31.12.(1 mnd. permisjon utan løn)

Marianne Wiig: rådgjevar, 01.01.–31.12.

Siri M. Iversen: konsulent, 01.01.–31.12.(av dette 80 % i 3 mnd.)

Mellombels tilsette: Til saman: 3,5 årsverk.

Jon Christian Brekke: rådgjevar: 01.05.-31.05: 20 %, 01.06-30.07: 80 %, 01.09-31.12: 40 % (15 vekeverk).

Aslak Kittelsen: vit.ass. 01.01.-29.02: 20 %, 01.03-31.12: 40 % (16,2 vekeverk)

Hanne Lillevold: vit.ass. 01.01.-29.02: 20 %, 01.03-30.09, 01.10-30.11: 60 %, 01.12-31.12: 40 % (18 vekeverk)

Elin Myhre: forskar 01.01-31.05.: 50 %, og timebasis 01.10-31.12 (13,5 vekeverk)

Marthe Glad Munch-Møller: vit.ass., 01.01.-31.12: 80 % (36 vekeverk)

Chris Nyborg: vit.ass. 11.12-31.12 (2,4 vekeverk)

Trond Nygård: forsker 01.01.-29.02: 75 %, 01.03-31.12: 100 % (43,2 vekeverk)

Vigdis Nygaard: seniorrådgjevar, timebasis 22.03-22.06 (1,5 vekeverk)

Olve Utne: forskar 01.01.-31.12., 22,5 % stilling (10,1 vekeverk)

I 2012 har NLI i alt hatt 8,3 årsverk til disposisjon på faste og mellombelse stillingar.

II. ÅRSREKNESKAP

Rekneskapstall for 2012

UTGIFTER

01. 111 Faste stillingar	: 2 616 565
01. 113 Mellombelse stillingar	: 1 450 948
01. 131 Honorar og bistillingar	: 102 384
01. 141 Stipend	: 0
01. 171 Styrehonorar	: <u>11 323</u>

I alt	: 4 181 220
Arbeidsgjevaravg. 14,1%	: <u>576 182</u>
Sum underpost 01-1	: 4 757 402

01.21 Edb-utstyr m.m.	: 25 590
01.22 Forbruksmateriell	: 147 675
01.23 Reiseutgifter m.m	: 122 217
01.24 Kontortenester	: 280 014
01.25 Konsulenttenester	: 415 542
01.26 Databehandlingstjenester	: 23 866
01.29 Drift og leige av bygningar	: 1 684 994
Totalt på underpost 01-2	: 2 699 899
Utgifter totalt	: 7 457 301

INNTEKTER

Tildelt løyving 2012	kr 6 138 000
Overført løyving frå 2011 – meddelt i brev 16.05.2011	kr 574 000
Kompensasjon for lønnsmeirutgifter	kr 84 000
Endeleg tildeling for 2012 – meddelt i brev 15.11.2012	kr 6 796 000

Inntekter – i alt: 641.918

Diverse inntekter , Kapittel 3329, Post 01.20	kr 274 866 ¹
Prosjektmidlar (oppdrag), Kapittel 3329, Post 01.22	kr 227 078
Sjukepengar – NAV, Kapittel 3329, Post 18 11	kr 97 667
<i>Ref. arbeidsmarknadstiltak</i> – NAV, Kapittel 3329, Post 1511	kr 42 307
Disponibelt 2012	kr 7 437 918
Utgifter ifølgje rekneskap 2011	<u>kr 7 457 301</u>
Meirutgift (sjå nedanfor)	<u>kr 19 382</u>

Forklaring på meirutgift 2012

Meirutgifta i 2012 er på 19 382 kroner, dvs. 0,26 % av dei samla driftsutgiftene. Det har vore vanskeleg å få til ei betre balansering enn dette på grunn av sein utbetaling av sjukepengar.

III. RESULTATRAPPORT

Strategiplanen til Norsk lokalhistorisk institutt for perioden 2010 til 2014 har formulert følgjande visjon for instituttet: ”NLI skal vere det leiande miljøet på nasjonalt plan for dialogisk fagutvikling innan eit vidt spektrum av stadforskning, lokal og regionalhistorie.” Med utgangspunkt i denne visjonen har vi konkretisert følgjande seks verksemdsmål for instituttet si verksemd i 2012:

- **Verksemdsmål 1: Ta i bruk sosiale og dynamiske media som verktøy for dialogisk fagutvikling**
- **Verksemdsmål 2: Publisere lokalhistorisk kunnskap og dokumentere lokalhistorisk verksemd i dialog med brukarane**
- **Verksemdsmål 3: Utvikle og formidle fleirkulturell lokalhistorie**
- **Verksemdsmål 4: Drive eiga forskning og stimulere til lokalhistorisk forskning**
- **Verksemdsmål 5: Gje råd og rettleiing til produsentar av litteratur med lokalhistorisk relevans**
- **Verksemdsmål 6: Oppretthalde god administrasjon og styring av NLI**

Nedanfor vil vi greie ut om arbeidsoppgåver og resultat innanfor kvart av desse målområda. Det er ikkje til å unngå at det vil vere ein grad av overlapping her. Ei vesentleg forklaring på dette ligg i at realiseringa av det første verksemdsmålet verkar inn på alle dei andre og skapar ulike koplingar mellom arbeidsoppgåver og resultat på tvers av rammene for kvart enkelt område. Overlappinga er med andre ord ikkje berre ein uunngåeleg, men også ønskeleg konsekvens av sosial teknologi, ein faktor som bidreg til større integrasjon og heilskap i verksemda til instituttet.

Verksemdsmål 1: Ta i bruk sosiale og dynamiske media som verktøy for fagutvikling

¹ Blant annet har Entra betalt tilbake 249.912 kroner.

NLI har i 2012 hatt to viktige satsingar på sosiale media. Hovudsatsinga er som tidlegare Lokalhistoriewiki.no, der rådgjevar Marianne Wiig sidan 2008 har vore prosjektleiar. Ei anna og mindre satsing er Historieblogg.no med vit.ass. Marthe Glad i ei tilsvarande rolle. Ei tredje nettsatsing – som ikkje har tilsvarande sosialt potensial – er Lokalhistorie.no, som vi i 2012 har førebudd ei omfattande omlegging av. Omlegginga gjeld både innhald og teknisk plattform. Ansvar for dette arbeidet har lege hos Marianne Wiig og rådgjevar Jon Christian Brekke. Rådgjevar Brekke, som har IT-utdanning frå UiO, har vore eit viktig tilskot til staben ved NLI, og har med sin store tekniske innsikt letta arbeidet med å vidareutvikle så vel Lokalhistoriewiki.no som Lokalhistorie.no. Vi kan seie at han på nokre område har fylt behovet for ein IT-strateg, som NLI i lang tid har hatt behov for.

1.1. Lokalhistoriewiki.no

Arbeidet med å gjere wikien til eit betre reiskap for våre brukarar, kan inndelast i tre hovudområder, teknisk forbetring, administrasjon og brukarretteiing, rekruttering og opplæring av nye brukarar.

1.1.1. Teknisk forbetring

I 2012 kom arbeidet i gang med å gjere viktige delar av brukargrensesnittet til wikien meir brukarvennleg og estetisk tiltalende. Marianne Wiig har teikna ein ny design for wikien, som i første omgang vart implementert på hovudsida. Wikien vart også flytta over til ny server, drifta av Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB). Samstundes blei det retta ein del feil, det vart lagt inn nye funksjonar og programvaren blei oppgradert til Mediawiki 1.18. Ei særleg viktig teknisk forbetring representerer implementeringa av semantisk wiki, som vert nytta i biografidelen til *1814 – sett nedanfrå* og Tradisjonsbåtregisteret, som begge er omtalt nedanfor. Ansvarleg ved NLI: Marianne Wiig og Jon Christian Brekke.

1.1.2. Administrasjon og brukarretteiing

På den administrative sida har det skjedd eit stort og kontinuerleg arbeid med å rettleie brukarar, både privatpersoner og offentlege aktørar, særleg knytt til dei ulike prosjekta som er igangsett på wikien. Rettleiinga gjeld både tekniske høve knytt til wikien, som rådgjeving om opplasting av bilde, og den gjeld skriveprosessen, til dømes korleis ein disponerer ein artikkel eller gjev referansar til artikkelen. I løpet av året er det også nedlagt eit stort arbeid når det gjeld utbetring av kategorisystemet på wikien. Ansvarleg ved NLI: Alle tilsette.

1.1.3. Rekruttering og opplæring av nye brukarar

Det har vore pågang frå friviljuge organisasjonar og offentlege institusjonar for å få informasjon, opplæring eller kurs i bruk av Lokalhistoriewiki.no. NLI har halde seks kurs for ulike aktørar innanfor det lokalhistoriske kunnskapsfeltet i 2012, mellom anna for Arkivverket og biblioteka i Hedmark fylke. Ved sidan av dette har dei tilsette delteke på fleire seminar og møte der dei har informert om tiltaket. Eit synleg resultat av arbeidet er at talet på registrerte brukarar har auka med meir enn 350 personar eller

omkring 30 prosent samanlikna med same tidspunkt året før. Ansvarleg ved NLI: Alle tilsette.

Statistikk for 2011	Unike gjester	Antall besøk	Sider	Treff	Datamengde
Lokalhistoriewiki.no	326 542	530 345	5 556 596	19 489 970	200.83 GB
Lokalhistorie.no	58 909	74 414	170 480	719 691	37.89 GB
Statistikk for 2012					
Lokalhistoriewiki.no	360 000	603 000	8160 000	25 600 000	290,16
Lokalhistorie.no	40 140	52 838	116 834	458 944	34,42

Statistikkgrunnlaget for lokalhistoriewikien i 2012 er ikkje så godt som i 2011 fordi registreringa har ligge nede ei tid og derfor er basert på gjennomsnittet i enkelte månader.

1.2. Historieblogg.no

Nettstaden historieblogg er eit samarbeid mellom NLI og ei rekkje historiefaglege miljø ved mellom anna Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Universitetet i Agder og handelshøyskolen BI. Historieblogg er eit fagleg diskusjonsforum i grenselandet mellom historiografi, historieteori og historiebruk. Vit.ass. Marthe Glad har vore redaktør og moderator for bloggen 2012. Det har vore mellom eitt og tre innlegg på bloggen kvar månad. I likskap med Lokalhistoriewiki vart Historieblogg overflytta til ny server.

1.3. Lokalhistorie.no

Nettstaden Lokalhistorie.no er i dei seinare åra blitt noko nedprioritert i høve til Lokalhistoriewiki. Ei viktig årsak til dette er at nettstaden er basert på programvare som er lite fleksibel og dermed ueigna for innovasjon eller vidareutvikling. I tillegg har programvaren også vore tungvint å bruke for dei tilsette. Difor har instituttet valt å overføre Lokalhistorie.no til ein ny teknisk plattform, Plone, som er lettara å nytta for dei tilsette og som i større grad gjev høve til tovegs kontakt mellom NLI og våre brukarar. Ansvarleg ved NLI: Marianne Wiig og Jon Christian Brekke.

Verksemdsmål 2: Publisere lokalhistorisk relevant kunnskap og dokumentere lokalhistorisk verksemd i dialog med brukarane

Som tidlegare omtalt, har verktøya nemnt under Verksemdsmål 1 hatt vesentleg innverknad på alle andre sider ved verksemda. I særleg grad har dei tekniske, administrative og fagdidaktiske premissa som Lokalhistoriewiki har lagt for arbeidet, verka positivt inn på dei tilsette sin eigen artikkelproduksjon og på produksjonen til andre aktørar innanfor

kunnskapsfeltet. Lokalhistoriewiki.no legg til rette for samproduksjon av artiklar og anna innhald. Difor er det ikkje berre problematisk, men på eitt vis i strid med den sosiale kunnskapsproduksjonen sin grunnleggande idé å knytte bestemte artiklar til enkeltpersonar. Det næraste vi kan komme kreditering av denne typen, er å undersøke kven som har opprette ein artikkel og eventuelt kven som har gjeve det største eller viktigaste tilskotet til teksten. Til saman er det 13 408 artiklar på wikien medio januar 2013. Det er ein auke på kring 2400 artiklar frå same tid i januar 2012. Det er altså problematisk å gje klåre tall for kor stor del av dette som kan krediterast dei tilsette ved instituttet, men eit omtrentleg overslag kan vere 500 artiklar eller rundt rekna 20 prosent av artikkelmengda.

2.1. Samarbeidsprosjekt

Det har vore ein klår tendens at meir og meir av NLI sitt arbeid på Lokalhistoriewiki går føre seg i form av prosjektarbeid. Dette prosjektarbeidet involverer både dei tilsette ved instituttet og samarbeidspartnarar utanfor NLI. Initiativet til prosjekta har både kome frå instituttet og frå eksternt hald. Av pågåande prosjekt kan vi nemne følgjande som særskilt viktige:

2.1.1. Dei hundre første kvinnelege kommunestyrerepresentantane

Riksarkivaren har sett i gong prosjektet *De hundre første...* i samarbeid med NLI i samband med stemmerettsjubileet 2013. Målet med prosjektet er å framskaffe så mykje relevant og interessant biografisk informasjon som mogeleg om dei første hundre kvinnene som vart innvald i norske kommunestyre etter 1901, året da kvinner fekk stemmerett ved lokalval. Ansvarleg koordinator ved NLI: Hans Hosar.

2.1.2. Tradisjonsbåtregisteret

Målsettinga med Tradisjonsbåtregisteret er å skape eit oversyn over bestanden av norske tradisjonsbåtar. Prosjektet er eit samarbeid mellom Kulturvernforbundet, ved Forbundet KYSTEN og NLI. Riksantikvaren finansierer prosjektet saman med Forbundet KYSTEN. Sjølvregistreringa skjer på Lokalhistoriewiki under rettleiing av tilsette ved NLI. Ansvarleg koordinator: Marianne Wiig

2.1.3. Kulturminneløypa

Eit av hovudprosjekta i Kulturminneåret 2009 var Kulturminneløypa. Ulike aktørar på lokalt plan samarbeidde om å legge ut på nettet lokale kulturminneløyper. Seinare har Kulturvernforbundet i samråd med Kulturdepartementet vedteke at dei ulike løypene skal leggast ut på Lokalhistoriewiki for å kunne utviklast vidare. Arbeidet starta i 2011. Ansvarleg koordinator: Marianne Wiig

2.1.4. Forfattarnett Oppland

Prosjektet Forfattarnett Oppland er initiert av Oppland fylkesbibliotek og Oppland forfattarlag. NLI har inngått eit samarbeid med fylkesbiblioteket om å gjere forfattarbiografiar tilgjengeleg på Lokalhistoriewiki.no. Vi har lagt vekt på å presentere forfattarar av lokal- og regionalhistorie. Ansvarleg ved NLI: Trond Nygård.

2.1.5. Mange stemmer frå levde liv. Landsomfattande innsamling av livsminne 2012-2013

Dei som står saman om denne minneinnsamlinga, er Landslaget for lokalhistorie, DIS-Norge, Slekt og data, Norsk folkeminnelag, Institutt for historie og klassiske fag, NTNU, Institutt for kulturstudium og orientalske språk, UiO, Norsk etnologisk gransking, Norsk Folkemuseum og NLI. Målet med prosjektet er at vi skal samle inn forteljingar om livet i Noreg, slik folk sjølv hugsar det – frå dei som er fødte før 1950. Arbeidet med innsamling av minneoppgåver vart sett i gong formelt med eit opningsseminar på Norsk Folkemuseum 30. oktober 2012. NLI er representert i Aksjonskomiteen ved Knut Sprauten.

2.2. Lokalhistorisk magasin

NLI har også i 2012 utgjeve 4 nummer av Lokalhistorisk magasin i samarbeid med Landslaget for lokalhistorie. Kwart nummer har hatt eitt hovudtema. Årets tema har vore: 1. Kystlandet, 2. Jordbrukslandet, 3. Industrilandet og 4. Oljelandet. Hans Hosar og Marianne Wiig er med i redaksjonen for *Lokalhistorisk magasin*, som NLI gir ut saman med Landslaget for lokalhistorie. Marianne Wiig har også ansvar for den grafiske utforminga. Marthe Glad Munch-Møller har levert bidrag både når det gjeld innhald og form. Ansvarleg ved NLI: Marianne Wiig, Hans Hosar og Marthe Glad.

2.3. Bibliografi og bibliotek

Tidlegare publiserte det bibliotekfaglege personalet ved NLI årelege bibliografiar over lokalhistorisk litteratur i tidsskriftet Heimen. Dette var ei særskild arbeidskrevjande oppgåve, ikkje minst fordi mange publikasjonar av denne typen vert skrivne for eit lokalt publikum og ein begrensa marknad. Frå 2008/2009 har instituttet difor gradvis ført bibliografien over til Lokalhistoriewiki. Dette legg til rette for eit samarbeid mellom utgjevarar, forfattarar og instituttet sine medarbeidarar. Konsulent Siri Iversen har også i 2012 hatt som ein av sine hovudoppgåver å vedlikehalde bibliografien. Også resultatane frå kommuneundersøkinga vert lagt inn i bibliografien. Ansvarleg for dette var Hanne Lillevold i samarbeid med Iversen.

Biblioteket ved NLI har hatt ei mengd gjester i løpet av 2012 og ein tilvekst på 379 band, noko som betyr at instituttet pr. 31. desember hadde 20 527 band.

2.4. Publikasjonar frå dei tilsette ved NLI

2.4.1. Nettpublikasjonar – publikasjonar på Lokalhistoriewiki.no

Oversynet nedanfor gjev berre nokre døme på dei meir enn 500 artiklane som dei tilsette ved instituttet oppretta i 2012:

Hans Hosar

- Halvor Arntzen http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Halvor_Arntzen
- Tjura spikerbruk http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Tjura_spikerbruk
- Johannes Sejersted
http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Johannes_Sejersted

- Sølvs katt og formuess katt 1816
http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/S%C3%B8lvs katt og formuess katt_1816
- Bondeaksjonene 1818
http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Bondeaksjonene_1818
- Halvor Hoel http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Halvor_Hoel
- Ole Wernes en Klungseth
http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Ole_Wernes en_Klungseth
- Rangadel <http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Rangadel>
- Lensadel <http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Lensadel>

Trond Nygård

- Børge Johan Schultz
http://www.erdether.no/index.php/B%C3%B8rge_Johan_Schultz

Olve Utne

- Samisk historie på Nordmøre og i Sør-Fosen
http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Samisk_historie_p%C3%A5_Nordm%C3%B8re_og_i_S%C3%B8r-Fosen
- Arabolt <http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Arabolt>

2.4.2. Fysiske publikasjonar

Marthe Glad

- ”Hungersnød og verdighet i Dypvåg 1801” i Hilde Sandvik og Knut Dørum (red): *Opptøyer i Norge 1750– 1850*. Spartacus forlag, Oslo 2012.
- ”’Hans brud er dydig, og han er hendes mage’, om Elieson-familien i tre generasjoner” i *Hafslund Hovedgård 250 år*, Frekk forlag, Oslo 2012.
- ”Smaken for det søte” i *Hafslund Hovedgård 250 år*, Frekk forlag, Oslo 2012.
- ”Tilbakeblikk – by og bygd i endring” i, *Lokalhistorisk magasin*, nr. 2, Oslo 2012

Hans Hosar

- ”Skjåk i mellomkrigstida. Eit tidsbilete frå Hjørund Kummens oppvekstår 1916– 1940” (saman med Kristian Hosar) i *Kvelds-seto. Gåmålt frå Skjåk*. Skjåk historielag 2012.

Knut Sprauten

- ”The Norwegian Institute of Local History”, trykt i: *Encyclopedia of Local History* (ed. Carol Kammen and Amy H Wilson), Lanham/New York/Toronto/Plymouth 2013, p. 421f.
- ”Kopparverka på Røros, Kvikne og i Folldal – ein marknad for gudbrandsdølar og hedmarkingar på 1700-talet”, trykt i: *Årbok for Gudbrandsdalen, bok nr. 80 – 2012*, s. 195– 212.
- ”Hva trenger bygda å vite? Behandlingen av ”den vanskelige historien” i bygdebøker”, trykt i: *Agderseminaret 2011*, Bjørg Seland (red.), *Den vanskelige historien*, Cappelen Damm, Høyskoleforlaget 2012, s. 123–136.

2.5. Innlegg på konferansar etc

Ola Alsvik

- ”Lørenskog Arbeiderparti 100 år”, foredrag Lørenskog 28.01. (framført av Nils Nordberg)

Hans Hosar

- ”Stat, stand, parti, profesjon. Eit historisk perspektiv på offiserane i den norske samfunnsformasjonen” Historikardagane i Bodø 4. – 6. mai. Innleiing på sesjon for profesjonshistorie
- ”Sølvs-katten som kjelde”, Innleiing på seminar i Norges bank 4. juni 2012

Knut Sprauten

- Presentasjon i Litteraturhuset 27. januar 2012 av bokprosjektet *Afrikane i Norge gjennom 400 år*.
- Kommentator til førsteamanuensis Olav Arild Abrahamsens innlegg på seminar ved Universitetet i Agder, 23. februar 2012.
- Foredrag for DIS, 2. mai 2012, i Wergelandssalen: ”Du som er iblant kronede hoder, det deiligste. Om rang, titler og høflighetsfraser på 1600- og 1700-tallet.”
- Innlegg på Norske historikerdagar i Bodø 3.-6. mai 2012, under sesjonen *Norske lokalsamfunn, heimfødinger eller utadvendte?*
- *Minnemateriale som kjelder til forskning og formidling*, innlegg på opningsarrangementet for prosjektet *Mange stemmer frå levd liv*, på Norsk folkemuseum 30. oktober 2012.
- Foredrag for Vålerenga historielag, Vålerenga kirke, 13. november 2012: ”Én by – to kulturer. Christiania 1624 –1814.”

Marianne Wiig

- ”Om Lokalhistoriewiki”. Møte om en mulig Matkulturwiki. Fiskeridepartementet, 24/8-2012. Deling av kunnskap i wikier, som Wikipedia og Lokalhistoriewiki. KAI-konferansen, Kongsberg, 20/9-2012.
- ”Hvordan kan ulike wikier utfylle hverandre. Med et nærblick på Lokalhistoriewiki.” Wikipediakurs for museum, arkiv og kunstfeltet. Trondheim, 25/10-2012.
- ”Lokalhistoriewiki – nyttig oppslagsverk på nettet”. Medlemsmøte DIS Sør-Trøndelag, Trondheim, 1/11-2012.

2.6. Deltaking i konferansar, kurs og faglege utval

Ola Alsvik

- Arbeidsgruppa, prosjektet ”17. mai som kulturmøte”
- Referansegruppa, prosjektet ”Vår versjon – norskvietnamesarar i Vietnamkrigen”
- Varamedlem Kjeldeskriftkommisjonen

Hans Hosar

- Stockholm 8.-10. oktober 2012: 12. nordiske lokalhistoriske seminar: Nordiska lokalsamhällen i möte med globaliseringen 1950-2010.
- Deltakar på seminarrekke om profesjonshistorie ved Senter for profesjonsstudier, Høgskolen i Oslo (gjennom heile året)
- Stipendkomiteen for NLI's mastergradsstipend
- Varamedlem i styret for LLH og Heimens redaksjonsråd

Siri Iversen

- Seminar om Norsk kulturråd sine satsingar på mobilteknologi/app'ar

Knut Sprauten

- Stockholm 8.-10. oktober 2012: 12. nordiske lokalhistoriske seminar: Nordiska lokalsamhällen i möte med globaliseringen 1950-2010.
- Møte i KUDs personalforum 6. mars, 13. juni og 13. september.
- Deltaking på markeringa av at Høgskulen i Volda er vorten 40 år. Det vart óg halde historieseminar dagen etter (28. og 29. november 2012).
- Medlem i styret for LLH og i Heimens redaksjonsråd, varamedlem i styret for Oslo Museum, oppnemnd som NLI's representant i styret for Strangers kulturfond og leiar for verksemda til Fondet. Historisk konsulent for Postens frimerketeneste, medlem av redaksjonen for *Byminner*, medlem i styringsgruppa for prosjektet Historisk befolkningsregister (HBR), medlem i styringsgruppa for prosjektet Kulturperspektiv på møtet mellom embetsmenn og bønder (Høgskulen i Volda) og leiar for eitt av delprosjekta. Han var sensor i historie ved Høgskolen i Telemark. Dessutan medlem av :
 - Stipendkomiteen for NLI's mastergradsstipend
 - Arbeidsgruppa, prosjektet "17. mai som kultur møte"
 - Referansegruppa, prosjektet "Vår versjon – norskvietnamesarar i Vietnamkrigen"
 - Aksjonskomiteen for prosjektet "Mange stemmer frå levde liv"

Marianne Wiig

- Kultur på nett. Arr.: Sør-Trøndelag fylkeskommune og Norsk kulturråd. Trondheim, 5/3-2012.
- Lansering Store norske leksikon. Oslo, 21/3-2012.
- Wikipedia Academy. Arr.: Wikimedia Norge. Oslo, 23/4-2012.
- Morgendagen er mobil. Om mobile tenester, status, behov og vegval. Arr.: Kulturrådet. Oslo, 21/5-2012.
- Styremedlem, Wikimedia Norge

Verksemdsmål 3: Utvikle og formidle fleirkulturell lokalhistorie

Fleirkulturell lokalhistorie er ennå ikkje et etablert kunnskapsfelt. Heilt generelt kan vi seie at uttrykket "fleirkulturell lokalhistorie" karakteriserer historia om lokalsamfunn som er samansett av to eller fleire grupper som oppfattar seg sjølve – og vert akseptert av andre – som kulturelt forskjellig frå kvarandre. I åra som har gått sidan gjennomføringa av prosjektet

”Mangfoldige minner” (2008 – 2011), har NLI opplevd ein pågang frå ulike personar og grupper med minoritetsbakgrunn som ønskjer råd og rettleiing i korleis ein kan skrive historia om eigen migrasjon. Det er mange aktørar innanfor dette feltet, både frå ABM-sektoren og universitets- og høgskolesektoren. NLI har difor vore nøye med å avgrense si rolle høve til andre. Vårt fokus skal vere å gi råd og rettleiing i korleis ein kan ta ulike typar kjeldemateriale i bruk for å skrive lokal minoritetshistorie. Vår vurdering er at dette tilbodet er etterspurd, men manglar i dag, og at NLI gjennom lang tid har bygd opp stor kompetanse på rådgjeving av dette slaget. I enda sterkare grad enn tilfellet er for tradisjonelle by- og bygdebøker, er det vår erfaring at rådgjevingsarbeidet på dette feltet er særskild arbeidskrevjande og stiller store krav til oppfølging frå instituttet si side. I løpet av 2012 har vi vore involvert i følgjande prosjekt:

3.1. Prosjektutvikling

3.1.1. Norsk-tamilane si historie

Etter ein langvarig prosess vart omsetjinga av manuskriptet til norsk-tamilane si historie overlevert instituttet våren 2012 frå forfattaren Umapalan Sinnadurai. Det viste seg dessverre at manuskriptet hadde store manglar, og etter søknad til Kulturrådet fekk NLI kr. 60 000,- til utvikling av manuskriptet. Dette arbeidet er no godt i gang, og vi vonar at manuskriptet kan bli utgjeve i 2013. NLI har også hjulpet forfattaren med å søke stipend i Norsk faglitterær- forfattar- og oversettarforening (NFF). Han fekk eit stipend på kr. 50 000,- frå foreininga si løyving til minoritetsforfattarar. Ansvarleg ved NLI: Knut Sprauten og Ola Alsvik.

3.1.2. ”Ta skikken der du kjem...” Historia om oppveksten til ein norsk-pakistanar

Norsk-pakistanaren Nadeem Akhtar er i gang med å skrive historia oppveksten sin på Rjukan i Tinn kommune, Telemark fylke. NLI har hjulpet til med å utforme ideen, skrive disposisjon og prosjektframstilling, og søkje midlar frå ulike hald. Vi har også kommentert nokre sider av manuskriptet og vil følgje manuskriptet fram til ferdigstilling. Ansvarleg ved NLI: Knut Sprauten og Ola Alsvik.

3.2. Formidlingsarbeid

3.2.1. 17. mai som kulturmøte

Intensjonen bak prosjektet 17. mai som kulturmøte er å dokumentere og formidle korleis innvandrarfamilier i Akershus fylke tenkjer om Noregs nasjonaldag og markerer dagen. Initiativet til prosjektet kjem frå styret i NLI, og prosjektet er eit samarbeid mellom Akershusmuseet, forskingsleiar Ånund Brottveit og NLI. Målsettinga med samarbeidet er å lage ei utstilling og publisere ei bok i samband med Grunnlovsjubileet 2014. Norsk kulturråd og Institusjonen Fritt Ord har løyva til saman kr. 300 000,- til prosjektet. Ansvarlege ved NLI: Knut Sprauten og Ola Alsvik.

NLI har også hatt eit samarbeid med Den polske klubben i Noreg om å lage ei utstilling og ei bok om polakkar i Noreg. Ressurssituasjonen ved instituttet har diverre gjort at vi ikke har hatt kapasitet til å følgje opp samarbeidet som vi har lagt på is. Vidare har vi av same grunn ikkje fått gjennomført målsettinga vår om å lage

informasjonsmateriell for å marknadsføre vårt tilbud betre i innvandramiljøa. Heller ikkje prosjektet ”Skjulte nettverk – usynlige verdener” har det vore muleg å vidareføre.

Verksemdsmål 4: Drive eiga forskning og stimulere til lokalhistorisk forskning

Forskning har tidlegare vore eit nedprioritert område i NLI's arbeid. I samråd med styret har instituttet dei siste to åra søkt å gi forskingsoppgåvene større tyngd innafor verksemda . Forskarane ved instituttet kan – i samråd med direktøren – få auka den tida dei kan bruke på forskings- og utgreiingsarbeid frå tidlegare 20 til no 50 prosent. Ein god del av det forskingsrelaterte arbeidet som går føre seg ved instituttet er av praktiske grunnar kategorisert under Verksemdsmål 2. Under verksemdsmål 4 har vi forskingsrelaterte arbeidet går føre seg i form av prosjektretta verksemd.

4.1. Forskingsbasert prosjektarbeid

4.1.1. Kulturperspektiv på møte mellom bønder og embetsmenn

NLI har sidan 2009 hatt eit samarbeid med Høgskulen i Volda, Historisk institutt og Institutt for religion, livssyn og kristendom. Prosjektet har fokus på førestillinga om at det i perioden ca. 1660 –1870 var ei kulturell todeling i det norske samfunnet – ein elitekultur, der gruppa av embetsmenn dominerte og ein folkekultur, dominert av bondegruppa. Prosjektet skal gjennomførast som tre integrerte delprosjekt: 1. Embetsmenn og bønder si orienteringsverd, eigenoppfatning og kulturelle særtrekk – ein regional komparasjon, 2. Embetsmennene sine sosiale og økonomiske relasjonar, 3. Maktbasis, maktutøving og regionale tilpassingar. Knut Sprauten er ansvarleg for delprosjekt 1.

4.1.2. Vår versjon – norsk-vietnamesarar i Vietnamkrigen

NLI har inngått eit samarbeid med den norskvietnamesiske legen og tolken Khang Ngoc Nguyen om prosjektet *Vår versjon*, som tek sikte på å analysere og formidle livsløpet og verdensbildet til norsk-vietnamesiske veteranar frå Vietnamkrigen. Denne gruppa opplever at det norske samfunnet aldri har fått høyre (eller vore interessert i å høyre) deira versjon av Vietnamkrigen og lærdommen frå krigen. Denne situasjonen har gjort at dei framleis kjenner seg som flyktningar – personar som aldri har fått fortelje si historie, slik at dei kan ta plass på ein norsk stad eller i eit norsk lokalsamfunn. Dei lever sine liv i transitt. Saman med Khang har Ola Alsvik gjennomført livsløpsintervju med 20 veteranar. I løpet av 2012 vart omkring 80 prosent av intervjua overført til papirutskrift. Dette utgjer førebels eit manuskript på ca. 170 sider.

4.1.3. 1814 – historia sett nedanfrå

Prosjektet *1814 – historia sett nedanfrå* vart initiert av NLI høsten 2011 med støtte frå grunnlovssatsinga til Noregs forskingsråd. Formålet med prosjektet er å registrere, formidle og analysere kunnskap om den folkelege og lokale opplevinga av 1814. Dette skal realiserast gjennom tre tiltak: For det første ved å gjere ei systematisk registrering av all litteratur om 1814 på lokalt og regionalt nivå. Dette arbeidet vil resultere i ein

kommentert bibliografi, som både skal publiserast virtuelt på Lokalhistoriewiki, og fysisk i form av ei bok. I tilknytting til bibliografien skal for det andre førsteamanuensis Jens Hyvik ved Høgskolen i Telemark i samarbeid med Elin Myhre skrive ein vitskapeleg innleiingsartikkel der han analyserar og drøfter relasjonen mellom lokalt og nasjonalt nivå i 1814-hendingane. For det tredje vil NLI arrangere ein workshop med vekt på å drøfte kva slags ny lokalhistorisk kunnskap som er spring ut av dei mange ulike prosjekta knytta til grunnlovsmarkeringa.

NLI har også i 2012 vore aktiv samarbeidspartnar i ein del andre prosjekt som har motteke løyvingar frå Norges forskingsråd:

- Historisk befolkningsregister (HBR) med professor Gunnar Thorvaldsen, Universitetet i Tromsø, som ansvarleg.
- ”Lokalhistorie som grensekryssende historie”, som er forankra ved Institutt for historie og klassiske fag NTNU. Professor Ida Bull er prosjektleiar.
- ”Mot en grenseoverskridende økonomisk historie”, som vert leia av Senter for næringslivshistorie (SNH) ved Handelshøyskolen BI.

4.2. NLIs mastergradsstipend

Det var 6 søkjarar til NLIs mastergradsstipend i 2012. Stipendet på 15.000 kroner vart tildelt Astrid Tofte Sekse. Ho arbeider med ei mastergradsoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen. Oppgåva hennar ber tittelen *Spenningsstilhøve mellom allmoge og bygdelite i Indre Hardanger på 1800-talet*. Hovudproblemstillinga blir formulert slik: ”Korleis var allmogen sine skikkar og forestillingar knytt til helse i Indre Hardanger utover 1800-talet, og korleis responderte den lokale bygdeelite som det offentlege sin forlenga arm på denne folkekulturen?”

Verksemdsmål 5: Gi råd og rettleiing til produsentar av litteratur med lokalhistorisk relevans

NLI rettleier mange av dei som er engasjerte i det lokalhistoriske arbeidet i norske kommunar, mellom anna ved å gjennomgå og kommentere manuskript og svare på skriftlege og munnlege førespurnader. I løpet av 2012 har NLI hatt rådgjevande kontakt med lokalhistoriske forfattarar, oppdragsgjevarar og andre i 42 kommunar (40 i 2011, 50 i 2010, 65 i 2009, 67 i 2008 og 52 i 2007). Når det gjeld fleire av kommunane, har dei også i 2012 vore involvert i eit omfattande samarbeid, både innanfor Lokalhistoriewikien og meir tradisjonelle område. Det betyr at dei tilsette har rettleia forfattarar, oppdragsgjevarar og andre aktørar som er knytta til lokalhistoriske prosjekt. Dei tilsette har dessutan vore med på fleire planleggingsmøte med initiativtakarar til nye lokalhistoriske verk. Vi har òg hatt telefonisk kontakt eller korrespondanse med andre personar som er engasjerte i lokalhistorisk arbeid. Det kan elles nemnast at Knut Sprauten har inngått i ei referansegruppe for planlegging av Telemark fylkeshistorie.

På nettstaden Lokalhistorie.no ligg ei oversikt over ”ofte stilte spørsmål” både frå forfattarar og oppdragsgivarar i samband med lokalhistoriske bokprosjekt. Dette kan ha medverka til å redusere talet på direkte førespurnader til NLI. Mykje rettleiing har også i 2012 vore kanalisert gjennom wikien.

NLI har i 2012 gjennomgått og kommentert manuskript frå 6 bokprosjekt, til saman ca. 1100 sider (7 bokprosjekt og 2200 sider – både i 2011 og 2010, 10 bokprosjekt og 2000 sider i 2009, 6 bokprosjekt og 620 sider i 2008, 7 bokprosjekt og 2000 sider i 2007, 15 bokprosjekt og 3340 sider i 2006). Dei manuskripta som er vurderte, er knyta til følgjande kommunar: Hol, Lørenskog, Rjukan, Herøy, Sande, Vågå og Sel. Talet på innsendte manuskript har vorte redusert i løpet av det siste tiåret. Samstundes er den faglege kvaliteten på ein del av dei manuskripta vi har fått til gjennomlesnad i dei seinare åra vesentleg dårlegare enn før, noko som inneber at den totale arbeidsbelastninga ikkje har vorte tilsvarande redusert. Det har skjedd ei profesjonalisering av alle trinn i by- og bygdebokarbeidet, noko som mellom anna har gjeve seg uttrykk i at ressurssterke kommunar har engasjert eigen fagleg ekspertise til å kommentere bokmanuskripta. Vi tolkar den reduserte kvaliteten på nokre av dei manuskripta som kjem til oss, som eit mogleg uttrykk for at det er dei meir ”ressurssvake” prosjekta som treng bistand frå NLI. Dei totale løyvingane til sektoren har på den andre sida ikkje blitt mindre.

NLI har gjennom rettleiingstenesta si råda fleire kommunar til å satse på ein kombinasjon av trykt og digital bygdebok. Ein slik kombinasjon har vorte nytta i Skedsmo og Gjøvik, der forfattarane i bokverka kan konsentrere seg om dei lange linene, mens mykje av faktainformasjonen vert lagt ut i Lokalhistoriewiki.no. Ansvarlege ved NLI: Hans Hosar, Knut Sprauten og Ola Alsvik.

Verksemdsmål 6: Oppretthalde god administrasjon og styring av NLI

6.1. Mangfald og inkludering

Som nemnd under verksemdsmål 3 har NLI valt å satse ressursar på fleirkulturell lokalhistorie. Gjennom prosjekta som er nemnt under dette verksemdsmålet, har instituttet etablert kontakt med ei lang rekkje personar og grupper med innvandrarbakgrunn, som på denne måten har vorte integrerte i instituttet sitt nettverk. Vi har også gjennom vårt rådgjevingarbeid tatt initiativ til at innvandrarbefolkninga i vid forstand er blitt inkludert og integrert i det lokalhistoriske kunnskapsfeltet, ved at vi kontinuerleg har oppfordra utgjevarar og forfattarar av lokalhistorie om å sette fokus på innvandrargrupper i lokalhistoriske framstillingar.

På det personalmessige plan kan instituttet opplyse at vi i samband med at Norsk kulturråd utlyste midlar til aspirantstillingar i kunst- og kulturinstitusjonar, søkte om å få opprette ei stilling ved instituttet. Grunngevinga for søknaden var nettopp å kunne bidra til at mangfaldet i norske lokalsamfunn ble spegla blant våre tilsette. Dessverre vart søknaden avslegen. Instituttet vil søkje på nytt i 2013.

6.2. Brukarundersøking

NLI gjennomfører brukarundersøking kvart fjerde år, og vi innhentar informasjon frå dei fleste kommunane i Noreg. Arbeidet vidare med det innsamla materialet er ressurskrevjande for instituttet, og vi kan ikkje ha slike undersøkingar oftare enn no. Det er vanskeleg nok å få kommunane til å svare på spørsmåla våre kvart fjerde år. Siste gong vi gjennomførte undersøkinga var i 2011. Spørjeundersøkinga vart send ut pr. post til alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg med svarfrist 15. mars 2012. 10 av 18 fylkeskommunar har svara og 304 av 430 kommuner (vel 70 %). Vel tre månader med intensiv purring og oppringing har vore heilt naudsynt for å få tilfredsstillande svarprosent. Dei samla løyvingane til lokalhistoriske prosjekt som er registrerte for åra 2011 og 2012, utgjer høvesvis: 37 218 000 og 38 538 000 kroner. Det betyr at det truleg vert løyvd meir enn 50 millionar årleg til dette formålet frå kommunar og fylkeskommunar. Vi veit til dømes at store prosjekt med samla budsjett på meir enn 12 millionar kroner (fordelt på fleire år) ikkje er rapportert inn til oss.

Vi har registrert at 35–40 prosjekt har mottatt løyvingar på ½ million kroner eller meir til skriving av byhistorier, bygdebøker og fylkeshistorier. Nokre fylke skil seg merkande ut ved å bruke små summar til lokalhistoriske prosjekt. Vi kan ikkje sjå at det er løyvd ei einaste krone til slike tiltak i Finnmark, og det er stilt relativt små beløp til disposisjon i Nord-Trøndelag, Vestfold og Oppland. Spørjeundersøkinga har elles gitt oss nyttig detaljinformasjon om ulike planar om lokalhistorisk arbeid og om prosjekt som nyss er kome i gang.

6.3. IKT-arkitektur

Norsk lokalhistorisk institutt har dei siste seks åra søkt om midlar til ei stilling som IKT-strateg, mellom anna for å få høve til å gjennomføre fleire utviklingsprosjekt på Internett som vi ser at det er eit stort behov for, både hjå eit allment og eit fagorientert publikum. Denne typen prosjekt krev høg IKT-fagleg kompetanse, og det gjer også planlegging av IKT-arkitekturen til instituttet. Utan denne typen kompetanse kan instituttet vanskeleg vurdere å implementere alle dei informasjonssystema, programma og komponentane som NLI må ta stilling til. I løpet av året har vi kome fram til løysingar som i ein viss mon kompenserer for mangelen på avansert IKT-kompetanse. Vi har brukt eksterne konsulentar og IKT-kyndige medarbeidarar på NAV-midlar. På nettstaden lokalhistoriewiki.no har vi dessutan fått høve til å bruke frivillig arbeidskraft med IKT-kompetanse. Vi samarbeider om IKT-drift med NLB, som vi er samlokalisert med. Men sjølv om dette kan gi oss høve til å gjennomføre nokre av dei fellesstatlege løysingane som er aktuelle for vår institusjon, vil det ikke vere fullnøyande.

Gjennom nettsatsingane våre har vi eit utåtretta tenestetilbod med stort innslag av brukargenerert innhald. Særleg i samband med lokalhistoriewikien har vi eit vidstrekt samarbeid med andre institusjonar. Vi gir rom for mange små lokalhistoriske prosjekt, gjerne i regi av kommunar eller andre offentlege institusjonar, under ein felles paraply. Nettstaden bruker open kjeldekode og velprøvd programvare med stor utbreiing (Mediawiki). Wikien vår kan enkelt integrerast med andre nærstående wikiar (interwikilenking), ei løysing som har vore diskutert med liknande statlege verksemder.

Det er ikkje aktuelt for NLI å leggje ut gradert informasjon, men vi har eit apparat som følgjer opp det brukargenererte innhaldet med tanke på dei juridiske aspekta. Nettstadene våre er døgnopne, og tenestene er skalérbare med omsyn til talet på brukarar og datamengde. Vi arbeider kontinuerleg med å betre funksjonaliteten for brukarane på grunnlag av tilbakemeldingar. Brukarane har gode og varierte vilkår for kommunikasjon med og tilbakemeldingar frå NLI tilsette. NLI skal arbeide med forskning og formidling, dokumentasjon og rettleiing, men har i dag ingen tenester som gjør det naturleg å ta i bruk Altinn. Når det gjeld dei langsiktige planane for teknisk utvikling og IKT-arkitektur, syner vi til samarbeidspartnaren NLB og årsmeldinga og planarbeidet deira.

6.4. Grøn stat

NLI har formalisert miljøarbeidet ved å skipe eit miljøutval. Her sit Siri Iversen og Knut Sprauten. NLI har inga rolle som produsent (bortsett frå produksjon av kunnskap innan lokalhistorie), og har heller inga rolle som byggherre og eigedomsforvaltar. Ved innkjøp legg vi vinn på bruk av miljøvenleg papir, og deltar i ei ordning med papir til gjenvinning. NLI vel dei minst miljøbelastande produkta når det skal gjerast innkjøp, og har gjennomført tiltak for sparing av energi til lys på kontora. All søppel blir kjeldesortert. Det er ei felles ordning for heile bygget "Halvbroren".

6.5. Risiko- og vesentlegheitsvurdering

I planen vår for risiko- og vesentlegheitsvurdering som blei utarbeidd i 2007, har vi peika på at instituttet treng å tilsetje ein fagperson med høg IKT-kompetanse og som samstundes har stor innsikt i lokalhistorisk arbeid. Løyvingane fram til no har ikkje gitt rom til dette. NLI meiner at det er stor risiko for at instituttet kan bli vurdert som "utdatert" dersom vi ikkje kan få styrkt dette fagfeltet. Å opprette ein ny IKT-stilling vil ha mykje å seie for den framtidige rolla som NLI kan ha i det lokalhistoriske fagmiljøet.

Etter revisjon av el-tryggleik av Infratek Elsikkerhet AS gav NLI i oktober 2010 tilsvar på dei manglane som vart påpeika, og dokumenterte kva som var målene for instituttet sitt HMS-arbeid. Infratek var vel nøgd med det arbeidet som var gjort, og hadde ingen merknader.

6.6. Dei etiske retningslinene for statstenesta

Instituttleiaren har gjennomgått dei etiske retningslinene saman med dei tilsette. Vi vart da merksame på følgjande formulering i FADs publikasjon *Etiske retningslinjer for statstenesta*, 7. september 2005, s. 3: "Det er viktig at den tilsette blir sikra ei fagleg og personleg utvikling og at det blir teke omsyn til kvar enkelt sine behov ved organisering av arbeidet." Som ein konsekvens av dette vil instituttet lage nye og forbetra stillingsinstruksar for dei tilsette i løpet av 2013.

6.7. Arbeidet med varslingsrutinar

På ein så liten arbeidsstad som NLI er det kort veg for ein eventuell varslar til leiaren (direktøren) og til styreleiaren. Dei tilsette er dessutan medlemmer i fagorganisasjonar som kan ta vare på interessane til ein varslar. Verken dei tilsette eller leiaren har ønskt å prioritere dette arbeidet no.

6.8. IA-avtale

Etter oppmodning frå styret har NLI oppretta IA-avtale med NAV 20. oktober 2012. I samband med denne prosessen laga NLI ein Mål- og aktivitetsplan, ei oversikt over NLI's mål for IA-arbeidet sitt og ein HMS-plan for instituttet.

6.9. Likestilling ved NLI

	Totalt (14)		Leiarstillingar (1)		Øvrige stillingar (13)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling- alle tilsette (i pst.)	43 (6)	57 (8)		100 (1)	46 (6)	54 (7)
Kjønnsfordeling- heiltidstilsette (i pst.)	28 (2)	71 (5)			57(4)	43 (3)
Kjønnsfordeling- deltidstilsette (i pst.)	57 (4)	43 (3)			40 (2)	60 (5)
Gjennomsnittslønn (i 1000 kr)	436 (6)	498(8)		711(1)	412 (6)	468(7)

Kommentarar til tabellen:

Norsk lokalhistorisk institutt hadde i 2012 berre 5 faste stillingar (à 100 %): 3 menn og 2 kvinner. NLI har også 9 tilsette i mellombelse stillingar: 5 menn og 4 kvinner (alle på deltid). Når vi ser på lønnplassering for dei tilsette utan omsyn til stillingsdel og lengden på engasjementa deira, kan vi konstatere at mennene tener 14 % meir enn kvinnene. Mennene har dei faste stillingane med dei høgste krava til kvalifikasjonar og er difor best lønna.

Styret for NLI har kvinnedominans og består av tre kvinner og to menn. Leiaren er kvinne.

Fråsegn frå NLI's styre

Styret i møte 14. februar 2013 har handsama årsmelding og rekneskap for verksemda ved NLI. Styret er veldig godt nøgde med det faglege nivå og innhald i arbeidet ved instituttet.

NLI har greid overgangen til nye medier i lokalhistoria og allmenn kommunikasjon på ein framifrå måte, ligg faktisk i forkant – og inviterer og til samarbeid med andre aktørar. NLI handterer såleis den nasjonale oppgåva på ein framifrå måte. Vi finn òg grunn til å nemne arbeidet med fleirkulturell lokalhistorie og kontakt med ulike relevante miljø der NLI bidreg med kompetanse i rådgjeving og samarbeid. Dette vil vi òg etter kvart sjå meir resultat av i

det almenne lokalhistoriske arbeidet der ein vil få ei betre integrering og involvering i lokalhistorisk arbeid i lokalsamfunna. NLI har såleis kome godt i gang med å bygge nettverk og kompetanse innan eit nytt felt i den tradisjonsrike lokalhistoriske forskning og publisering – og på den måten er NLI med på å skape betre forståing for endringar i vår eiga samtid og dokumentasjon for framtida.

Oslo 15. februar 2013

Torveig Dahl

styreleiar

Knut Sprauten

direktør